



Hardangerjakta MATHILDE er ei staselg skute der ho ligg på Sandakaien i dag.

**Skjåk barne- og ungdomsskule er ein fast og årleg brukar av hardangerjakta MATHILDE til leirskule. I år er det 24 elevar frå 6. klassen i Skjåk som brukar ei veke om bord på seglskuta og på den måten gjer seg kjende med det martime miljøet i Hardangerfjorden og Kvinnherad. Vågen på Skorpo er ei fast hamn i den tida MATHILDE går i leirskulefarten.**

Kontaktlærer Siv Elisabeth Stenersen fortel om opphaldet. Klassen kom om bord i Norheimsund på måndag etter ei lang reise med buss frå Sjåk. Fyrste stopp var Rosendal med besøk på Baroniet. Så var det Ånuglo før ein kom til Uskedalen i går ettermiddag. I dag legg dei turen inn fjorden til Stekka før det vert ilandstiging i Norheimsund fredag.

MATHILDE vert så klargjort for Hardanger Trebåtfestival med kurs og turar på fjorden.



Kontaktlærer Siv Elisabeth Stenersen og to av 6. klasseelevane lærar seg apneev.

Elevane har fått vore med på å setja og berga segl. Fiske og bading høyrer med i tillegg til praktisk arbeid med matlaging og litt sjømannsskap. I Uskedalen brukar dei tida til bunkring og ein time med fingervev av typen apneev.

Hardangerjakta MATHILDE er bygd i 1884 i Ølve. Fram til 1930 talet hadde fartyet berre segl, ikkje motor. Etter krigen gjekk ho som motorfarty i fraktefarten fram til 1970 talet. Med restaureringa på 1980 talet fekk skuta jakteriggen tilbake.

Skipper på dette toktet er svensken Curtis Anderson.

Tekst/foto/nett: Kristian Bringedal



